

Sogn og Fjordane fylkeskommune  
Kulturavdelinga  
Pb. 173  
6801 Førde



Att: Arlen Synnøve Bidne.

Aurland, 13. august 2019.

### **Søknad om tilskot til finansiering av stillinga som Kulturvernforvaltar.**

Syner til vedlagt kopi av søknad til Riksantikvaren(RA) frå Vestnorsk fjordlandskap v/ leiarane om tilskot til etablering av 2 faste stillingar som Kulturvernforvaltar i verdsarvområdet.

Kvar stilling har eit samla justert budsjett på kr.1 000 000,- pr. år. For Nærøyfjordområdet sin del vert Kulturvernforvaltaren organisatorisk plassert hjå Verdsarvparken. Det er ei målsetjing at stillinga er operativ frå tidlig 2020.

Søknaden er tufta på gode røynsler med tidligare prosjektstillingar som Restaureringshandverkar i kvart delområde, gjennomføring/ oppfølging av restaureringsplanen for Vestnorsk fjordlandskap – Nærøyfjorden samt Verdsarvrådet sine drøftingar og semje i VF-sak 12/18.

RA melde i fyrste omgang avslag via e-post dagsett 16. oktober 2018. Verdsarvkoordinatorane ba i etterkant av dette om eit møte med RA for å gjennomgå/ drøfte saka nærare. Møtet vart gjennomført hjå RA 14. februar 2019 kor m.a. repr. for fylkeskommunane i Hordaland, Sogn og Fjordane, Møre og Romsdal samt Storfjordens Venner var til stades.

Den korte konklusjonen frå møtet kan oppsummerast slik: *RA er positiv til å kunne stille med inntil 50% av finansieringa men utfordra samstundes regionalt/ lokalt nivå til å løyve resten av midlane.*

Møre og Romsdal fylkeskommune (MRfk) har handsama søknad om økonomisk støtte til tilsvarande stilling for Geirangerfjordområdet i sak KF-1/19. Der vart det løyvd kr. 150 000,- med atterhald om at kommunane (Stranda og Norddal) og stiftinga sikrar resten av finansieringa.

MRfk har sidan etableringa av Geirangerfjorden Verdsarv løyvd betydelege midlar til drift og utvikling av stiftinga. Det same kan ikkje seiast om Stranda og Norddal kommunar sitt økonomiske engasjement.

Vi vel difor i fyrste omgang å sende søknad berre til regionalt nivå og grunngeiv dette med at verdsarv – og stiftarkommunane Aurland, Vik, Voss og Lærdal i lengre tid har sikra grunnfinansieringa av Verdsarvparken med tilsaman kr. 700 000,-. Sogn og Fjordane fylkeskommune, som og er ein av stiftarane, løyvde fyrst i 2018 midlar til grunnfinansiering.




Hordaland fylkeskommune har så langt ikkje løyvd midlar til grunnfinansiering av Verdsarvparken.

Med grunnlag i det som er nemnt over søker vi no Sogn og Fjordane fylkeskommune om kr. 250 000,- (25%) til delfinansiering av stillinga som Kulturvernforvaltar for Vestnorsk fjordlandskap – Nærøyfjorden.

Likelydande søknad vert og sendt Hordaland fylkeskommune.

Ved evt. spørsmål, ta gjerne kontakt med underteikna.

Med venleg helsing



Erling Oppheim  
Dagleg leiar

**Kopi:**

- Katrin Blomvik, stiftinga Geirangerfjorden Verdsarv.

**Vedlegg:**

- Kopi av søknad til Riksantikvaren, dagsett 3. september 2018.
- Kopi av svar frå Riksantikvaren, dagsett 16.oktober 2018.
- Skriv frå MRfk til stiftinga Geirangerfjorden Verdsarv, dagsett 27. juni 2019.